



// REFERAT

Møte nr. 3/2024

// Møtedato: 19.09.2024

// Til stede:

Medlemmar:

FFO Vestland – Nina Sevaldsen
FFO Vestland – Åslaug Kalstad
 ➤ *Medlem i redaksjonsrådet*
 ➤ *Nestleiar i Brukarutvalet*
proLARnett Norge – Christine Lønne
LO Vestland – Elise Dāvøy
F2F Hordaland – Warren S. Eversley
Vestland Innvandrerråd - Joyce Breeze Kamara
Unge Funksjonshemmede – Heidi Melum
 ➤ Medlem redaksjonsrådet

NAV Vestland: NAV Vestland – Frode Storvik, avdelingsdirektør
 ➤ *Nestleiar i utvalet og medlem i redaksjonsrådet*
NAV Vestland – Lars Vagle Stangeland, seniorrådgjevar
 ➤ *sekretær for brukarutvalet og redaksjonsrådet*

NAV Ytelseslinja: Kåre Gert Monsen

Vara: FFO Vestland - Tordis Søvde
FFO Vestland - Geir Ivar Kavlie
SAFO Sørvest – Kari Tungesvik
Kreftforeningen – Arvid Åsen
NAV Kontakssenter Vestland – Helen Eidsvåg

Forfall: FFO Vestland – Gunn Sande
FFO Vestland – Marita Aarvik
FFO Vestland - Noushine Zaerie Loolani
SAFO Sørvest – Ingeleiv Haugen
SAFO Nordvest – Anne Pia Nygård
Kreftforeningen – Roald Nystad
NAV Hjelpemiddelsentral Vestland - Frode Hovland
NAV Kontakssenter Vestland - Bente Brathagen

// **Referent:** Lars Vagle Stangeland - NAV Fylkeskontor Vestland

NAV VESTLAND // ARBEIDS OG VELFERDSETATEN

Postadresse: Postboks 284 // 5804 BERGEN

Besøksadresse: C. Sundtsgt. 29, 8. etg. // Bergen
Tel: 900 15 452 //

www.nav.no //

Møte i brukarutvalet 15.2.2024

| | Sak | |
|-------|---|--|
| 13/24 | <u>Godkjenning av innkalling og referat – Status for logg over saker handsama i brukarutvalet</u> | Godkjent Leiar i brukarutvalet presiserte at det er medlemmene sjølv som har ansvaret for å sikre at organisasjonen er representert anten ved å stille sjølv eller med vararepresentant |
| 14/24 | <u>Kort orientering om status frå Einingar i NAV</u> | Helen Eidsvåg, NAV Kontaktsenter: Det meste fungerer godt ved kontaktsenteret. Og det er mykje automatisering. Dei merker ei auka pågang knytt til økonomiske bekymringar og dårleg økonomi. Dette heng mellom anna også saman med lange sakshandsamsingstider i NAV, til dømes innan sjukepengeområdet. Kontaktsenteret har mellom 11 og 14.000 samtalar kvar dag, og det blir skriva samtalereferat frå alle samtalanene. Det har vært ei viss ventetid på respons, men det er nå tilsett fleire rettleiarar i kontaktsenteret, noko som reduserer responstida. Kontantstøttesaka (Feilformulering i lova) og fedrekvotesaka (Fedre hadde fått avslag sjølv om dei hadde rettigheter) har også ført til auka tal henvendingar til kontaktsenteret. www.nav.no og dei skriftlege kanalane nyttast meir og meir. Kontaktsenteret er særskilt merksame på korleis informasjon og formulering blir innretta i dei digitale kanalane og gir innspel til forbetringar for å sikre enklare, rett og treffsikker informasjon/kommunikasjon. Kåre Gert Monsen NAV Ytelseslinja: Dei arbeider med å korte ned ventetida på sjukepengesakar. NAV Ytelsesline arbeider med å effektivisere eininga. Mellom anna arbeider dei med å få til ein kø når det gjeld foreldrepenger. Dei rekner med å få effekt av dette på litt lengre sikt. Andre ytingar blir stort sett utbetalt rett og til rett tid. Alle sakshandsamsingstider ligg tilgjengege her: https://www.nav.no/saksbehandlingstider Ytelseslina har utarbeidd ei KI-strategi. Omsyn til personvern er ein viktig faktor som begrenser kor raskt og kor omfattande KI kan bli tatt i bruk. NAV Hjelpemiddelsentral: Har ei aukande portefølje av brukarar som følge av at folk lever lenger. Dei får også ei stadig tydelegare rolle i å sikre at folk kjem eller forblir i arbeidsaktivitet. Frode Storvik NAV Fylkeskontor Vestland: Arbeidsløysa held seg stort sett uendra. Det er generelt mangel på arbeidskraft og det er mindre arbeidsinnvandring på grunn av svak kronekurs. Nokre verksemder vurderer å utbetale løn i andre valtuar for å bli meir attraktive for utanlandsk arbeidskraft. Sjukefråværet aukar, og det er mykje framme i det offentlege ordksiftet. "Heilt med" er ei satsing for å få funksjonshemma med uføretrygd i arbeidaktivitet. Vi har jobba saman med organisasjonane slik at vi har fått dette meir organisert, og vi kan hjelpe verksemder med økonomisk stønad for å tilsette folk som elles ikkje ville fått tilgang til arbeidslivet. Han gjekk gjennom personbrukarundersøkinga. Denne ligg som vedlegg til dette referat |

| | | |
|-------|--|---|
| | | <p>Regjeringa si ungdomsgaranti er særst tydeleg på korleis ungdom skal prioriterast av NAV. Mellom anna skal ungdomsrettleiara ha under 50 brukarar. Dette betyr at vi må nytte mindre ressursar på dei andre målgruppene.</p> |
| 15/24 | <p>1. <u>Informasjon om reglene knytt til AAP der brukaren kombinerer ytingar med jobb. Reglene blir opplevd som for rigide</u></p> <p>2. <u>NAV sin rådgjevande overlege overprøver sjukmeldingar</u></p> | <p>Bodil Mydland, Seniorrådgjevar NAV Vestland presenterte reglene, og ho tok utgangspunkt i ein presentasjon som ligg som vedlegg til dette referat.</p> <p>Reglene om å kombinere ytingar på AAP med jobb er lovbestemt og dei er ikkje uklåre.</p> <p>Medlemmene i brukarutvalet meiner at reglene bør tilpassast slik at dei betre stimulerer AAP-mottakarane til å kome tilbake til arbeid. Eit slikt tiltak vil vera å opne opp adgangen for å arbeide frå 60 % til 80 % før ein mister rett til AAP i meldeperioda.</p> <p>Det blei beslutta at NAV Vestland tar dette vidare til det sentrale Brukarutvalet, og at medlemmene tar dette vidare politisk gjennom sine medlemsorganisasjonar.</p> <p>Kristin Buhaug, koordinerande rådgjevande overlege i NAV Vestland gav informasjon og leia ordskiftet om dette.</p> <p>Kort om den rådgjevande overlegetenesta i NAV:</p> <p>Ho viste organisasjonskartet som syner kvar legetenestene i NAV er plassert.</p> <p>I Vestland er det 10 leger der 6 i er i full stilling og 4 har stillingsandel på mellom 20 % og 60%.</p> <p>Dei rådgjevande legene kjem berre i befatning med dei mest krevjande sakane som er ein særst liten del av alle sakane. Hovudprinsippet er at NAV stolar på fastlegane. Dei rådgjevande overlegane er berre inne viss det etterspurt medisinsk informasjon og denne er mangelfull</p> <p>Medlem frå LO hadde spelt inn temaet som gjeld bestriding av sjukmelding særskilt i arbeidsgjevarperioden.</p> <p>Folketrygdlova er ei rettighetslov og retten oppstår når ein fyller vilkåra. I dette tilfelle er det krav til at det føreligg sjukdom for å ha rett til sjukepengar. Men i tillegg er det ein medverkningsplikt for den sjukmeldte. Arbeidsgjevar har også ei styringsplikt samtidig som han har ein omsorgsplikt. Dette er faktorar som virker saman når bestriding av sjukmelding skjer.</p> <p>Viss ein arbeidsgjevar bestrider ei sjukmelding havner dette på legens bord i NAV. Arbeidsgjevar må begrunne bestridinga. Da må det innhentast nye medisinske opplysningar og da begynner dagane å gå. Rolla til NAV sin rådgjevande overlege er å gi råd til rettleiara og dei er ikkje i dialog eller direkte kontakt med brukarane av NAV.</p> <p>I dei tilfelle omgjerjing av sjukmelding skjer, kan årsaka ofte vera måten fastlegane har formulert seg på. Det er derfor viktig å ha god kommunikasjon og godt samarbeid med legane. NAV gir også opplæring til nye legar.</p> <p>Bestriding av sjukmelding kjem ofte opp i samband med konflikt mellom arbeidsgjevar og medarbeidar, og det er ujamnt makttilhøve mellom desse. Slike sakar vil alltid vera krevjande å handtere.</p> <p>Det strategiske brukarutvalet i NAV Vestland vil peike på at sjølv om denne problemstillinga er kjent, ønsker utvalet at saka blir fremma for det sentrale brukarutvalet slik at dette kan bli følgt opp i dei rette kanalar. I tillegg vil medlemsorganisasjonane i brukarutvalet i NAV Vestland følgje dette opp gjennom deira kanalar.</p> |

| | | |
|-------|---|---|
| | <p>3. <u>Forskjellshandsaming av diagnosar</u></p> <p>4. <u>Avkorting av sosialhjelp ved økonomisk støtte frå kreftforeininga</u></p> | <p>FFO har hadde sendt inn ein sak om reduksjon av uføretrygd i dei tilfelle ein brukar med rus- eller psykisk diagnosar får avkorting i ytinga etter 3 månaders innlegging i institusjon. Somatiske pasientar er fritekne frå dette, og det blir peika på at dette er ein diskriminering basert på diagnosar. Saka har mellom anna vært fremja for brukarutvalet i Helse Vest, og den har også vært handsama i Stortinget der den er avvist. Det blir vist til vedlegg som gir meir informasjon om problemstillinga.</p> <p>Det strategiske brukarutvalet for NAV Vestland vil rå til at saka fremjast for det sentrale brukarutvalet og at denne handsamast vidare i dei rette kanalar. I tillegg vil medlemsorganisasjonane i brukarutvalet i NAV Vestland følgje dette opp gjennom deira kanalar.</p> <p>Det blir vist til vedlegg til dette referat. Kreftforeininga har ei ordning der dei tildeler økonomisk støtte til pasientar etter ei søknadsordning. Det er rapportert om tilfelle der pasientane som mottar sosialhjelp, opplever å få kutt i sosialstøtten med tilsvarande beløp som støtten frå kreftforeininga.</p> <p>Det strategiske brukarutvalet for NAV Vestland vil rå til at saka fremjast for det sentrale brukarutvalet og at denne handsamast vidare i dei rette kanalar, derunder KS. I tillegg vil medlemsorganisasjonane i brukarutvalet i NAV Vestland følgje dette opp gjennom deira kanalar.</p> |
| 16/24 | <u>Ungdomssatsinga og «ung medverknad»</u> | <p>Frode Storvik, Lars V. Stangeland og Heidi Melum presenterte status for arbeide med å etablere råd for ung medverknad i Vestland.</p> <p>Dei tre har tatt del i workshop i Ålesund og film frå dette blei vist i møtet: Workshop Ålesund - "Ung Medverknad"</p> <p>Det er gjort sentrale prioriteringar og målet er å få etablert lokale ungdomsråd i alle fylka. I denne samanheng skal 7 unge medverkarar og tre rettleiarar frå einingane NAV Øygarden, NAV Askøy og NAV Årstad delta i prosesrettleiar-studium. Dette er eit ledd i å etablere ungdomsråd i dei tre einingane. Målet er å etablere ungdomsråd i alle regionane i Vestland. Det er også mogleg at det blir etablert eit eige ungdomsråd for heile fylket.</p> |
| 17/24 | <u>Eventuelt (Derunder innspel frå formøtet)</u> | <ol style="list-style-type: none"> 1. Åslaug Kalstad frå FFO tok opp eit døme på vedtak om arbeidsevnevurdering som var formulert på eit slikt vis at budskapet ikkje var til å forstå. NAV Vestland er takksam for innspelet og dette blir allereie følgt opp med ein internt prosess i NAV. 2. Det kom opp spørsmål om kva som er stoda rundt mogleg samanslåing av NAV Bergenhus og NAV Årstad. Frode Storvik gjorde greie for dette: Det er i dag 5 NAV-kontor i Bergen. Både stat og kommune som i fellesskap driv NAV-kontora får mindre pengar. Samtidig er det ledig arealkapasitet i NAV-kontora i Bergen. Det er stadig færre fysiske møte på NAV-kontora. Ved å slå saman desse to kontora, vil det bli frigjort ca 10 mill. kvart år som kan nyttast til å tilsette fleire rettleiarar slik at dei som treng tettare oppfølging får eit betre tilbod. Dette er framleis i prosess. |
| | <u>Avslutting og oppsummering</u> | Frode Storvik takka for godt møte og ønskte alle vel heim. |

Neste møte i strategisk brukarutval i NAV Vestland blir den 14/11-24

Logg for saker handsama i Strategisk brukarutval i NAV Vestland – Status for oppfølging

Gjeldande frå 13/9-2023



Logg for saker handsama i Strategisk brukarutval i NAV Vestland – Status for oppfølging

Gjeldande frå 13/9-2023

| Saksnr: | Overskrift | Oppfølgingsaktivitet | Ansvarlig | Frist | Status |
|---------|--|---|--|----------|--------------|
| 17/24-2 | Mogleg samanslåing av NAV Bergenhus og NAV Årstad | Status blei presentert og tatt til orientering | | | Løyst |
| 17/24-1 | Formulering av vedtak om Arbeidsevnevurdering | NAV Vestland følger dette opp internt i NAV for å endre praksis slik at vedtaka blir forståelege | NAV Vestland | 19/9-24 | Løyst |
| 16/24 | Ungdomssatsinga og «ung medverknad» | Status blei presentert. 10 deltakarar frå Vestland skal delta på prosessleiar-studium i samband med etablering av ungdomsråd i 3 einingar. | | | Løyst |
| 15/24-4 | Avkorting av sosialhjelp ved økonomisk støtte frå kreftforeininga | Det strategiske brukarutvalet for NAV Vestland vil rå til at saka fremjast for det sentrale brukarutvalet og at denne handsamast vidare i dei rette kanalar, derunder KS. I tillegg vil medlemsorganisasjonane i brukarutvalet i NAV Vestland følgje dette opp gjennom deira kanalar. | NAV Vestland og Medlemmene i utvalet | 14/11-24 | Under arbeid |
| 15/24-3 | Forskjellshandsaming av diagnosar | Det strategiske brukarutvalet for NAV Vestland vil rå til at saka fremjast for det sentrale brukarutvalet og at denne handsamast vidare i dei rette kanalar. I tillegg vil medlemsorganisasjonane i brukarutvalet i NAV Vestland følgje dette opp gjennom deira kanalar. | NAV Vestland og Medlemmene i utvalet | 14/11-24 | Under arbeid |
| 15/24-2 | NAV sin rådgjevande overlege overprøver sjukmeldingar | Det strategiske brukarutvalet i NAV Vestland vil peike på at sjølv om denne problemstillinga er kjent, ønsker utvalet at saka blir fremma for det sentrale brukarutvalet slik at dette kan bli følgt opp i dei rette kanalar. I tillegg vil medlemsorganisasjonane i brukarutvalet i NAV Vestland følgje dette opp gjennom deira kanalar. | NAV Vestland og Medlemmene i utvalet | 14/11-24 | Under arbeid |
| 15/24-1 | Informasjon om reglene knytt til AAP der brukaren kombinerer ytingar med jobb. Reglene blir opplevd som for rigide | Det blei beslutta at NAV Vestland tar dette vidare til det sentrale Brukarutvalet, og at medlemmene tar dette vidare politisk gjennom sin medlemsorganisasjon. | Brukarrepresentanta ntar og NAV Vestland | 14/11-24 | Under arbeid |
| 14/24 | Kort orientering frå einingar i NAV | Representantar frå NAV presenterte status | | 19/9-24 | Løyst |

Logg for saker handsama i Strategisk brukarutval i NAV Vestland – Status for oppfølging

Gjeldande frå 13/9-2023

| | | | | | |
|---------|---|--|-------------------------------------|----------|--------------|
| 13/24 | Godkjenning av innkalling og referat – Status for logg over saker handsama i brukarutvalet | Referat, innkalling og status for logg blei godkjent | | 19/9-24 | Løyst |
| 12/24-3 | NAV sine rådgjevande overlegar overprøver sjukmeldingar | Utsettast til møte den 19/9-24. Koordinerande rådgjevande overlege, Kristin Buhaug inviterast med i møtet | NAV Vestland | 19/9-24 | Løyst |
| 12/24-2 | Rigide regler i samband med å kombinere AAP med arbeid | Utsettast til møte den 19/9-24. Seniorrådgjevar Bodil Mydland inviterast til møtet | NAV Vestland | 19/9-24 | Løyst |
| 12/24-1 | Eventuelt | Serviceklagar ved eit Bergenskontor. Medlem som har meldt saka blei oppmoda om å sende skriftleg dokumentasjon/beskriving av tilhøva slik at NAV Vestland får anledning til å følgje dette opp. | Medlem som meldte saka | 19/9-24 | Løyst |
| 11/24 | Samarbeid mellom NAV og Vestland fylkeskommune/utdanningssektoren. | Egil Arne Aas innleia til ordskifte | NAV Vestland | 11/4-24 | Løyst |
| 10/24 | Oppspel på førespurnad om tema og saker som særskilt kan vera av interesse frå og for unge medlem i organisasjonane | Heidi Melum innleia til ordskifte. Det er planlagd ein Workshop i Ålesund den 4-6/6-24 der NAV Vestland er representert. | NAV Vestland | 11/4-24 | Løyst |
| 9/24 | Kort orientering frå einingar i NAV | Representantar frå NAV presenterte status | NAV Vestland | 11/4-24 | Løyst |
| 8/24-2 | Opplæring om organisering av NAV | Det skal bli tilbydd ei opplæring for medlem i brukarutvalet om NAV si organisering, korleis beslutningar skjer, og grensesnitt mot politisk leiing. Utsetjast til møtet i november | NAV Vestland | 14/10-24 | Under arbeid |
| 8/24-1 | Opplæring ifbm brukarmedverknad | Dei organisasjonane som har opplæringsmoglegheiter sender informasjon og evt. lenker til sekretær for utvalet, Lars.vagle.stangeland@nav.no som deler dette med medlemmene i brukarutvalet. Status pr 2/9-24: Ingenting er mottatt | Representantane for organisasjonane | 19/9-24 | Uklårt |
| 6/24 | Kvar er NAV i høve pakkeforløp knytt til sjukehus. Skal også vera eit system for korleis pasientane blir følgt opp | Det er meldt behov for å ha dette som eige tema i utvalet. NAV Vestland undersøke dette før neste møte. Oppdatert 11/4-24: | NAV Vestland | 11/4-24 | Løyst |

Logg for saker handsama i Strategisk brukarutval i NAV Vestland – Status for oppfølging

Gjeldande frå 13/9-2023

| | | | | | |
|---------|--|--|---------------|--------------------------|-------|
| | etterpå både av kommunane og av NAV. | Saka Blei orientert om i møtet i Brukarutvalet den 11/4-24 | | | |
| 5/24 | Kort orientering frå einingar i NAV | Representantar frå NAV presenterte status | | 15/2-24 | Løyst |
| 4/24 | Val | Val av leiar, nestleiar og Redaksjonsråd blei gjennomført | | 15/2-24 | Løyst |
| 3/24 | Mandat for brukarutvalet – Gjennomgang, innspel og endring | <p>Opplæring av deltakarar i det regionale brukarutvalet: NAV Vestland vil følgje opp dette med det sentrale brukarutvalet slik at vi får oversikt over planlagde eller moglege opplæringsaktivitetar. Her bør også vara-representantane delta.</p> <p>Oppdatering: Direktoratet eller andre i NAV har ikkje eit eige opplæringsopplegg for brukarutval. Dei legg opp til at slik opplæring skjer i regi av organisasjonane. Det er nokre informasjonsfilmar på YouTube om brukarmedverknad i NAV, mellom anna denne: Film Brukarmedverknad</p> | NAV Vestland | 11/4-24 | Løyst |
| 2/24 | Representantane for organisasjonane i utvalet presenterer seg | Dei som var til stades presenterte seg | Brukarutvalet | 15/2-24 | Løyst |
| 1/24 | Godkjenning av innkalling og referat | Referat, innkalling og status for logg blei godkjent | | 15/2-23 | Løyst |
| 22/23 | Val | NAV Vestland sender ut oppmoding til organisasjonane om oppnemning av representantar til brukarutvalet. Val skjer når tilbakemelding har skjedd og utvalet er sett saman på bakgrunn av dette. | Sekretær | Snarast, seinast 15/2-24 | Løyst |
| 21/23 | Evaluering av brukarutvalet | Gjennomført, ikkje behov for oppfølging | | | Løyst |
| 20/23 | Møtekalender for 2024 | Godkjent | | | Løyst |
| 19/23-2 | 2. Opplæringsbehov, derunder mandat for brukarutval for NAV Vestland | Mandat for brukarutvalet blir oppdatert og presisert, gjerne i dialog med det sentrale brukarutvalet, og deretter sendt ut til representantane i brukarutvalet før neste møte. (Framlegg sendt brukarutvalet med innkalling. Blir handsama i møtet den 15/2-24) | Frode Storvik | Snarast, seinast 010224 | Løyst |

Logg for saker handsama i Strategisk brukarutval i NAV Vestland – Status for oppfølging

Gjeldande frå 13/9-2023

| | | | | | |
|---------|---|--|---------------|--------|-------|
| 19/23-1 | 1. Logg for saker handsama av brukarutvalet | Det blei beslutta i utvalet at framlegg til logg blir teken i bruk og at denne skal følgje innkallinga til møta i brukarutvalet. | Sekretær | 161123 | Løyst |
| 18/23 | Kort orientering om status frå Einingar i NAV | | | 161123 | Løyst |
| 17/23 | Godkjenning av innkalling og referat | Godkjent | Brukarutvalet | 161123 | Løyst |



Personbrukereundersøkelsen 2024


Hovedspørsmålene




Om personbrukerundersøkelsen 2024

- Spørreundersøkelsen gjennomføres blant registrerte brukere av NAV
- Eksternt byrå tar seg av datainnsamling.
- Temaer:
 - Kontakt med NAV: NAV-kontor, telefon, nav.no
 - Arbeidssøkernes erfaringer med NAV
 - Tilfredshet med service, opplevelse av respekt, informasjon fra NAV
- I år hadde Vestland 904 respondenter
- På de fleste av spørsmålene/temaene svarer brukerne på en skala fra 1-6, hvor 6 er best. Prosenten som angis i diagrammene er andelen som har svart 4-6.


Hvor stor tillit har du til NAVs arbeid i sin helhet?




Hvor fornøyd er du med NAV helhetlig sett?




Jeg blir møtt med respekt fra NAV




Hvor stor tillit har du til NAV sitt arbeid i sin helhet?



Hvor fornøyd er du med NAV helhetlig sett?



Jeg blir møtt med respekt







Hovedspørsmål fordelt på ulike grupper

Tall for Vestland


Hvor stor tillit har du til NAV sitt arbeid i sin helhet?



Hvor fornøyd er du med NAV helhetlig sett?



Jeg blir møtt med respekt





Arbeidsavklaringspenger og arbeid

Strategisk brukerutvalg 19. september 2024

NAV fylkeskontor Vestland // Bodil Mydland

Arbeidsavklaringspenger og jobb

- For å få innvilget AAP, må arbeidsevnen må være nedsatt med 50%
- De som mottar AAP, kan jobbe samtidig og får redusert utbetaling ut fra hvor mye man jobber
- Hvis AAP-mottakeren jobber mer enn 60%, får man som hovedregel ikke utbetalt AAP
- Opplysninger om arbeid på meldekortet, er grunnlag for utbetalingen

Informasjon om [Jobb og AAP](#) på nav.no.

Overgangen fra 60 % til 100% jobb

For å gjøre overgangen til full stilling lettere, er det mulig med vedtak om arbeidsutprøving i inntil 12 måneder

Arbeidsavklaringspenger blir da utbetalt ved opptil 80 prosent lønnet arbeid

Forutsetning at man har en 100% stilling å trappe opp til

Hvis personen må avbryte perioden, kan man ikke få nytt vedtak med opptrapping i samme arbeidsavklaringspengesak

Viktig med informasjon om muligheter for å få AAP på nytt og opptjening av ny rett til sykepenger hvis personen er usikker på om det vil fungere med fullt arbeid



Funksjonshemmedes
fellesorganisasjon

FFO Vestland

Regionalt brukerutval Helse Vest

Bergen 13.6.2024

Att: Leiar, Atle Lunde

Oppfordring til Brukarutvala i Helse Vest vedrørende utsett gruppe i rus/psykiatrifeltet.

FFO Vestland har den siste tida arbeida med ei sak som omhandlar konsekvensar av lovgjeving ovanfor ei gruppe personar innlagt i psykiatriske institusjonar. Kort samandrag: Menneske som har fått innvilga uførestønad, og som vert innlagt i psykiatri/rus risikerer å få sterkt avkorta si uføretrygd etter tre månader i institusjon. Dette er eksklusivt for denne gruppa. Somatiske pasientar er fritekne frå dette. Lova opnar såleis for forskjellsbehandling mellom desse pasientgruppene. Vedlagt ligg ope brev frå mellom anna tilsette i Nav som sette oss på sporet i denne saka.

Sjå også følgjande lenke:

<https://www.dagensmedisin.no/arbeids-og-sosialdepartementet-helsepolitikk-og-helseekonomi-nav/nav-vet-ikke-hvor-mange-som-har-fatt-redusert-uforetrygd-etter-a-ha-blitt-innlagt/126755>

Saka har også vorte handsama i stortinget, men ble avvist der. Ut frå svar i spørjetimen i Stortinget januar 2024 kan det sjå ut som regjeringa arbeider vidare med å sjå på konsekvensar og løysingar. Dette er arbeid som FFO Vestland vil følgje opp i samarbeid med FFO sentralt.

Så over til bakgrunnen for at FFO Vestland engasjerer seg i denne saka:

Lovgrunnlaget opnar for at trekka i trygda kan verte mindre, eller ikkje setjast i verk. **Men; det føreset at mottakar av trygda kan søke om mindre avkortning dersom hen har plikter som forsørging, husleige, straum, kommunale avgifter og anna.**

§ 12-19.Uføretrygd under opphold i institusjon

Personer som mottar uføretrygd, får ytelsen redusert etter bestemmelsene i denne paragrafen under opphold i en institusjon med fri kost og losji under statlig ansvar eller tilsvarende institusjon i utlandet. Uføretrygden blir ikke redusert under opphold i somatiske sykehusavdelinger.

Uføretrygd gis uten reduksjon i innleggelsesmåneden og de tre påfølgende månedene.

Deretter blir uføretrygden redusert og skal under oppholdet utgjøre 14 prosent av uføretrygden. Ytelsen skal likevel utgjøre minst 45 prosent av grunnbeløpet.

Uføretrygden skal ikke reduseres når vedkommende forsørger ektefelle eller barn.

Dersom vedkommende har faste og nødvendige utgifter til bolig, kan arbeids- og velferdsetaten bestemme at uføretrygden ikke skal reduseres eller reduseres mindre enn nevnt i andre ledd.

Dersom vedkommende innen tre måneder etter utskrivelsen på nytt kommer i institusjon, gis det redusert uføretrygd fra og med måneden etter at det nye oppholdet tar til.

Uføretrygden skal utbetales etter lovens vanlige bestemmelser fra og med utskrivingsmåneden.

Uføretrygden under opphold i institusjon må ikke overstige den uføretrygden vedkommende har rett til etter lovens vanlige bestemmelser.

Vi kjem no fram til det som er det punktet der Brukarutvala og psykisk/rus- institusjonane kan ver ein viktig brikke i arbeidet som trengs å gjerast for å sikre oppfølging for pasientane når dei kjem inn i institusjon. Vi er klar over at det kan vere ulik praksis, og at dette er ivareteke mange stader, men rapportane vi mottek er at det fremdeles er brukarar som kjem ut i ein kvardag der mykje av livsgrunnlaget er borte.

Institusjonen må avklare heilskapsbiletet for pasienten, og som del av dette også kva økonomiske plikter som ligg i kvardagen til pasienten. Vi ser føre oss at ein utpeikar ein person som har som dedikert oppgåve å få fram naudsynt informasjon slik at det når tre-måneds grensa kjem er institusjonen saman med pasienten i stand til å sikre dei økonomiske pliktene som ligg til grunn for at hen kan kome attende til samfunnet med slike grunnleggande behov sikra.

Me ber om at Regionalt Brukarutval samt brukarutvala i Helse Vest tar tak i saka og ber om status for det enkelte helseforetak. Det er skremmande at slik informasjon faktisk ikkje er tilgjengeleg slik det går fram av saka, rett nok frå førre regjering, men likevel. Dette er ei gruppe som definitivt har behov for hjelp. Det kan ikkje stå på kor engasjerte medarbeidarane i NAV er ovanfor sine brukarar. Det er forstemmande å sjå at ei heil gruppe vert forfordelt i lovverket.

Med håp om positiv og snarlig oppfølging.

Med vennlig hilsen

Funksjonshemmedes fellesorganisasjon Vestland

Else-Berit Helle
Fylkesleiar

Arne Hovland
Leiar interessepolitisk utval

Kopi:

Brukerutvalet Helse Bergen
Felles brukarutval Helse Førde
Brukerutvalet Helse Fonna
Stiftelsen Betanien sykehus
NAV Vestland

«Kvifor skal ein straffast økonomisk for å vere psykisk sjuk?»

Me, som er tilsette i Nav, tolkar lovverket om uføretrygd og langstidsbehandling i psykiatrien som særskild diskriminerande og stigmatiserande. Tida er inne for lovending!



Foto: Google Maps

Oppdatert:

Du leser nå en meningsartikkel. Den uttrykker skribentens mening.

Av: Marianne M. Tveit, plasstillitsvalt FO Stord, Gyda S. Meldahl, veileidar Nav Stord/busosialt

team i Stord kommune og Oddny Barmen, fagansvarleg sosiale tenester ved Nav Stord

«Formålet med uføretrygd er å sikre inntekt for personer som har fått sin inntektsevne varig nedsatt på grunn av sykdom, skade eller lyte», fastslår folketrygdlova i § 12-1.

Men i § 12-19 står det «Personer som mottar uføretrygd, får ytelsen redusert etter bestemmelsene i denne paragrafen under opphold i en institusjon med fri kost og losji under statlig ansvar eller tilsvarende institusjon i utlandet. Uføretrygden blir ikke redusert under opphold i somatiske sykehusavdelinger».

Her kjem to historier:

1. Ola (43 år) er uføretrygda. Han ligg inne som langtidspasient ved Haukeland universitetssjukehus grunna alvorleg kreftdiagnose. Ola bur på Stord, leiger husvære og har såleis sine faste utgifter medan han er i behandling.

Ola si uføretrygd vert ikkje påverka eller endra medan han er i behandling. Dei faste utgiftene til Ola vert trekt frå kontoen hans ved forfallsdato.

2. Kari (43 år) er uføretrygda. Ho ligg inne som langtidspasient ved Valen Sjukehus grunna alvorleg schizofreni. Kari bur på Stord, leiger husvære og har såleis sine faste utgifter medan ho er i behandling.

Kari si uføretrygd vert redusert etter ca. tre månader i behandlingsforløpet. Kari får varsel om utkastning etter seks månader fordi husleige ikkje er blitt trekt frå konto grunna manglande dekning.

Sosionom på Valen sjukehus hjelper Kari med å dokumentere buutgifter for å få auka opp trygdeutbetaling tilsvarende desse. Etter tre månader vert trygda på nytt redusert, fordi Kari ikkje har lese vedtaket frå Nav som er sendt til hennar postkasse på Stord.

Det er eit krav at Kari kvar tredje månad må dokumentere at ho har betalt sine bu- og straumutgifter, for å oppretthalde tillegget til buutgifter i trygdeutbetalinga.

Kvifor skal ein pasient som er langtidssinnlagt i psykiatrien måtte dokumentere at hen har betalt for sine naudsynte livsopphaldsutgifter, der ein langtidspasient i somatikken ikkje får dette spørsmålet i det heile?

Me, som er tilsette i Nav, tolkar lovverket om uføretrygd og langstidsbehandling i psykiatrien som særskild diskriminerande og stigmatiserande.

Me finn det vanskeleg å forstå, og stå inne for, at ei yting skal bli redusert fordi du er i behandling for sjukdommen din, den same sjukdommen som ligg til grunn for ytinga du er innvilga.

Og lat oss tilføye: det skjer berre dersom du er innlagt grunna psykiske lidningar, ikkje om du er somatisk sjuk.

Så kva kan vere årsaka til denne skilnadsbehandlinga av uføretrygda personar som treng

behandling?

Det første me tenkjer er at AS Noreg ser på denne løysinga som eit godt sparetiltak. Men har ein då tatt med i reknestykket alle dei ulike ressursane og instansane som jobbar med å sikre personar som er innlagt i psykiatrien pengar til naudsynt livsopphald og buutgifter?

Me ser at det å følgje opp lovverket slik det er i dag, krev store ressursar.

Me er kjend med fleire enkeltsaker der sosionomen på sjukehuset, behandlar på sjukehus, Nav-veileidar, gjeldsrådgjevarar og sakshandsamarar jobbar rundt same pasient for å sikre naudsynt inntekt.

I vårt eksempel har det gått fleire dagsverk i dette. Dette kostar pengar! Me finn det lite truleg at AS Noreg går i pluss.

Det andre me tenkjer er at lovverket ikkje er i tråd med samfunnsutviklinga generelt og særleg ikkje i tråd med utviklinga innan spesialisthelsetenesta for personar med psykiske lidningar.

Kan hende var det slik før i tida, at dersom ein vart innlagt i psykiatrien, ja, så var ein der kanskje livet ut. I dag er det ikkje slik.

I stor grad tek ein sikte på at behandling skal skje i nærmiljøet til pasienten, der målet er at pasienten skal tilbake til sin heimkommune, tilbake til sin bustad og sitt nettverk.

Me må heller ikkje gløyme at personar som er langtidsinnlagt i psykiatrien, i stor grad er innlagt fordi dei ikkje klarer å ivareta egne rettar. Fleire manglar samtykkekompetanse.

Likevel forventar samfunnet at dei skal følgje opp og sikre rettane sine, som samfunnet på den andre sida meiner dei ikkje er i stand til å gjennomføre. Ofte går dette gale og diverre er våre erfaringar at fleire pasientar endar opp med gjeldsproblematikk etter institusjonsopphald i psykiatrien.

Me kan ikkje ha det slik at pasientar takkar nei til, eller avbryt behandling som er naudsynt, grunna økonomisk situasjon. Me er uroa for våre brukarar, då me ser at den økonomiske konsekvensen av å vere i langtidsbehandling innan psykiatrien, hindrar tilfriskingsprosessen.

Det tredje me tenkjer, og dette er ein tanke som ingen burde hatt i 2024, er at lovverket slik det står i dag, meiner at psykisk lidning ikkje er like mykje verd som somatisk lidning.

At det ikkje er så nøye med økonomien til personar som har blitt uføretrygda og som treng psykiatrisk langtidsbehandling.

Ein kvalmande tanke, men spørsmålet må likevel stillast.

Er menneske med somatiske lidningar meir verd enn dei med psykisk sjukdom?

Absolutt ikkje, men lovverket slik det står i dag, opererer med ein tydeleg skilnadsbehandling som

me ikkje kan stå inne for.

Tida er inne for lovending! Det er skammeleg at me i 2024 ikkje har kome lengre. Er du ikkje einig?

Publisert: 13. mai 2024

Avkortning av økonomisk støtte fra Kreftforeningen

Dette er saken:

Kreftforeningen bevilger årlig 6 millioner kroner i økonomisk støtte til pasienter etter en søknadsordning. Vi har fått noen henvendelser fra mottakere av økonomisk støtte fra Kreftforeningen, med informasjon om at de har fått avslag eller avkortning av sosialhjelpen de mottar i sin hjemkommune. Det betyr i praksis at hvis en søker får 20.000,- i økonomisk støtte fra Kreftforeningen, kutter NAV tilsvarende fra det økonomiske bidraget i sosialhjelp lokalt. I praksis betyr det at Kreftforeningen subsidierer kommunens sosialbudsjett, og at kreftpasienter risikerer å tape økonomisk på å søke om støtte fra Kreftforeningen.

Etter sosialtjenesteloven (sostjl.) §§ 18, 19 tas som hovedregel all inntekt med, når rett til økonomisk sosialhjelp vurderes hos NAV. Vi har kriterier for tildeling av økonomisk støtte, vedtatt av Kreftforeningens styre, som sier at stønaden skal dekke utgifter i forbindelse med sykdom som ikke dekkes av det offentlige.

Derfor løftes saken i brukerutvalget:

Vi ønsker å kartlegge omfanget av denne praksisen ute i kommunene, da vi mistenker at det er svært ulik praksis fra kommune til kommune.

Dette vil Kreftforeningen gjøre med informasjonen vi får:

Vi vil bruke informasjonen og vil jobbe for lovendring i sosialtjenesteloven, slik at personer på sosialhjelp, kan mottatt støtte, uten at det gir avkortning fra NAV lokalt.

Videre prosess

Fylles inn av brukerrepresentanten/rådgiver på regionskontor:

| | |
|-----------------------------|--|
| Brukerutvalg: | |
| Navn på brukerrepresentant: | |
| Navn på rådgiver og region: | |

Når løftet du saken og på hvilken måte (eks.: 20. januar 2024 i ordinært brukerutvalgsmøte):

Hvilke spørsmål endte du opp med å stille?

Her kan du melde inn svarene du får (status for saken og eventuelle utfordringer helseforetaket rapporterer om):

Hvilke refleksjoner har du om videre oppfølging av saken?